

## Referat

### Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg

**Møte:** 5-2019  
**Dato/tid:** 23.oktober kl. 09 - 15  
**Til stades:** Monika Kvamme, Leni Dale, Ove Sæbø, Grete Herøy, Nina Kvamme, Ingebjørg Søreide, Malin Daae Stene og Anne Hildegunn Færøy  
**Ikkje møtt:** Helge Kvam  
**Møteleiar:** Ove Sæbø  
**Referent:** Anne Hildegunn Færøy

Saksnr	Saker
30/19	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b> Innkalling og sakliste godkjent utan merknader
31/19	<b>Godkjenning av referat frå møte 4-2019, 6.september</b> Referat frå møte 6.september godkjent utan merknader
32/19	<b>Val av nestleiar i kommunalsjefgruppa</b> Leni Dale vart vald som nestleiar for kommunalsjefgruppa
33/19	<b>Val av representant til arbeidsutvalet i KS</b> Nina Kvamme stiller som medlem i arbeidsutvalet frå Nordhordland. Det vert peika på at alle i gruppa har ansvar for å bidra med innspel til arbeidsgruppa sitt arbeid med planlegging av møter i kommunalsjefgruppa i KS. Anne Hildegunn sender melding til KS v/Astrid Toft om ny representant i arbeidsutvalet for KS.
	<b>Velferdsteknologiprojektet</b> Ove Sæbø gav ei kort statusmelding frå prosjektgruppa sitt arbeid. Det vert m.a. arbeidd med å få på plass verktøy som gjer at bruk av velferdsteknologi kan registrerast i IPLOS. Det vert retta førespurnadar til EPJ-leverandør om dette m.o.t. Cosdoc. Ove viste til at presentasjonar frå prosjektgruppa si samling i september vert lagt ut på heimesida til Vestlandsprosjektet.no  DIPA - Vurdering av personvernkonsekvensar skal sikra at personvernet til dei som er registrert i løysinga vert ivaretatt. Det vert utarbeidd ein mal som kommunane kan bruka for å sikre at dette blir ivaretatt. Bulgaria prosjektet: viser til orientering om dette i styringsgruppemøte. Søknad om midlar til kompetanseheving: viser til sak om dette i styringsgruppemøte.  Det vart stilt spørsmål om korleis kommunane orienterer om Vestlandsprosjektet på egne heimesider – under kva fagområde er det naturleg at informasjon og linka til prosjektets nettside vert lagt? Kommunalsjefgruppa ber prosjektgruppa vurdere korleis brukarane får tilgang til rett og nødvendig informasjon om velferdsteknologi og kva tilbod som er i kommunane. Leni Dale viste til at kommunen sitt tilbod om velferdsteknologi er lagt inn under Innbyggjarportalen, side for tenesteskildringar i Alver kommune.

35/19	<p><b>Utkantkonferansen 2020</b></p> <p>Drøfting og innspel til tema; Kommunalsjefgruppa støttar at Leve heile Livet i Nordhordland er ein overbyggande tittel på konferansen, og at ein rettar fokus på to av innsatsområda i reforma Leve heile livet;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>et aldersvennlig Norge</i></li> <li>• <i>aktivitet og fellesskap</i></li> </ul> <p>Forslag til to alternative overskrifter: <b>«Eit aldersvenleg Nordhordland»</b> <b>«Kva er viktig for å kunne Leve heile livet – i Nordhordland?»</b></p> <p>Forslag til tema under dette:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kommunalt planarbeid – korleis legge til rette for eit aldersvennleg Nordhordland?</li> <li>▪ Digitalisering og teknologi</li> <li>▪ Frivillig arbeid</li> <li>▪ Musikk og kultur</li> <li>▪ Eldre og fysisk aktivitet</li> <li>▪ Førebygging av ensomhet</li> </ul> <p>Anita Sørtveit, kommuneoverlege i Osterøy, Margrethe Kvamme, PLO leiar i Modalen og Pia Syvertsen, rådgjevar i Lindås/Alver går inn i programkomiteen frå helse og omsorgstenesta i kommunane.</p> <p>Kommunalsjefgruppa kan ha ei overordna rolle i planlegging og gjennomføring, og støttar programkomiteen sitt arbeid med vidare planlegging.</p> <p>Utkast til program vert lagt fram for kommunalsjefgruppa i deira møte 4.desember</p>
26/19	<p><b>Prosjekt Fag – og tenesteutvikling i Helsehuset</b></p> <p>Samarbeidskommunane si deltaking i prosjektgruppa.</p> <p>Saka vart drøfta og det var semje om at kvar av repr. frå aktuelle kommunar vurderer om dei kan gå inn i dette arbeidet på vegne av samarbeidskommunane og melder tilbake til Anne Hildegunn.</p>
27/19	<p><b>Planlegging av møte i desember</b></p> <p>Kommunalsjefgruppa sitt møte i desember er endra frå lunsj – lunsjmøte 3.- 4.desember til heildagsmøte 4.desember. Det er semje om at møte vert på Alver Hotel dersom der er ledig kapasitet.</p> <p>Innspel til tema og saker til møte;</p> <p>Gruppa ønskjer invitere leiarar for fagråd og nettverk til eit møte for å knyta kontakt og for få ei statusmelding frå deira arbeid.</p>
28/19	<p><b>Møteplan 2020</b></p> <p>Gruppa vil halda fram med å ha 3 møter pr halvår, fortrinnsvis på fredagar.</p> <p>Anne Hildegunn lagar utkast til møteplan og sender til gruppa for gjennomgang.</p>
	<p><b>Open time</b></p> <p><u>Friskus AS</u>– har komme med førespurnad om å få orientere om IT-verktøyet <b>Friskus.com</b> - eit aktivitets- og frivilligheitsverktøy for deltaking og organisering av frivillig aktivitet.</p> <p>Det vart i møte peika på at Kommunalsjefgruppa for HO kanskje ikkje er rette fora for denne informasjonen, og ber NUI vurdere om spørsmålet heller bør løftast inn til rådmannsutvalet.</p>